



Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
24.08.2024 24/13521- 2 Hans Roger Tømmervold

Saksnr.	Utval	Møtedato
49/24	Kultur- og folkehelseutvalet	10.09.2024
	Fylkesutvalet	

Innspel til høyring med forslag til endringar i spelemiddelordninga for anlegg til idrett og fysisk aktivitet

Kultur- og folkehelseutvalet 10.09.2024 - sak 49/24

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, INP 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Tilråding:

Møre og Romsdal fylkeskommune har følgjande innspel til Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) om forslag til endringar i spelemiddelordninga for anlegg til idrett og fysisk aktivitet:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar KUD si vurdering i at fylkeskommunane er best eigna til å forvalte tilskotsordninga, og at denne rolla bør styrkast.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune saknar eit tydeleg søkjelys på berekraft for ordninga. Det bør definerast klåre føringar for økonomisk, sosial og miljømessig berekraft.
3. Pkt. 4.2.1 Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget, men ber om at KUD auker tilskotet til anleggsfagleg utvikling til fylkeskommunane for at dette skal bli mogleg å gjennomføre på ein god måte.
4. Pkt. 4.3.3 Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår å halde på dagens modell for fordeling mellom fylka. Alternativt bør anleggsdekning strykast frå modellen. Det bør vere ein ny

gjennomgang av utrekning av anleggsdekning, og det bør sjåast nærmare på kor rett gjengiving anleggsregisteret gir av anleggssituasjonen i dag

5. Pkt. 4.4.1 Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at ei todelt ordning blir innført, der fylkeskommunane får moglegheit til å disponere meir enn 10 prosent til prioriterte anlegg. Alternativt at forslag b) blir vedtatt.
6. Pkt. 4.5 Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at burettslag, bygdelag og velforeiningar kan søke tilskot frå ordninga også i fortsetjinga.
7. Pkt. 4.6. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at forslag 25 om å stryke søknader etter 3 år, ikkje blir vedtatt. Om forslaget skulle bli vedtatt så tilrår Møre og Romsdal fylkeskommune at forslag 26 om ein overgangsperiode blir vedtatt.
8. Fylkesutvalet viser elles til dei vurderingar og tilrådingar fylkeskommunedirektøren har i saksframlegget, og sluttar seg til desse.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune har følgjande innspel til Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) om forslag til endringar i spelemiddelordninga for anlegg til idrett og fysisk aktivitet:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar KUD si vurdering i at fylkeskommunane er best eigna til å forvalte tilskotsordninga, og at denne rolla bør styrkast.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune saknar eit tydeleg søkjelys på berekraft for ordninga. Det bør definerast klåre føringar for økonomisk, sosial og miljømessig berekraft.
3. Pkt. 4.2.1 Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget, men ber om at KUD auker tilskotet til anleggsfagleg utvikling til fylkeskommunane for at dette skal bli mogleg å gjennomføre på ein god måte.
4. Pkt. 4.3.3 Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår å halde på dagens modell for fordeling mellom fylka. Alternativt bør anleggsdekning strykast frå modellen. Det bør vere ein ny gjennomgang av utrekning av anleggsdekning, og det bør sjåast nærmare på kor rett gjengiving anleggsregisteret gir av anleggssituasjonen i dag
5. Pkt. 4.4.1 Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at ei todelt ordning blir innført, der fylkeskommunane får moglegheit til å disponere meir enn 10 prosent til prioriterte anlegg. Alternativt at forslag b) blir vedtatt.
6. Pkt. 4.5 Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at burettslag, bygdelag og velforeiningar kan søke tilskot frå ordninga også i fortsetjinga.
7. Pkt. 4.6. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at forslag 25 om å stryke søknader etter 3 år, ikkje blir vedtatt. Om forslaget skulle bli vedtatt så tilrår Møre og Romsdal fylkeskommune at forslag 26 om ein overgangsperiode blir vedtatt.
8. Fylkesutvalet viser elles til dei vurderingar og tilrådingar fylkeskommunedirektøren har i saksframlegget, og sluttar seg til desse.

Bakgrunn

Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) har foreslått endringar i spelemidelordninga for anlegg til idrett og fysisk aktivitet. Forslaget vart sendt ut den 8. mai 2024, og høyringsfristen er sett til 20. september (sjå vedlegg 1 for høyringsbrev). Det er avklart at fylkeskommunen har høve til å sende sitt høyringsinnspel etter frist.

Det er gjennomført ei lang rekke innspelsmøte i regi av KUD. Dei besøkte mellom anna alle fylka og arrangerte innspelsmøte i samarbeid med fylkeskommunane hausten 2022 og utover vinteren 2022/2023. Samlinga i Møre og Romsdal vart halde i Ålesund den 20. oktober 2022. Der var kommunane, idretten, friluftslivet og andre interessentar i spelemidelordninga invitert til å seie si meining. Det har i sommar vore samtalar mellom fylkeskommunane om forslaget til endringar, og fylkeskommunen arrangerte eit digitalt møte den 18. juni for å få innspel frå kommunane, idretten og friluftslivet i Møre og Romsdal.

KUD har oppmoda om at det i høyringsinnspela blir referert til forslagsnummeret i høyringsnotatet. Det er i alt 26 forslag til endringar. Desse er henta frå høyringsdokumentet og limt inn nedanfor og står derfor på målføret KUD har skrive på (bokmål). Under punkta ligg innspel og tilråding frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vurdering

Forslag 1

Pkt. 4.2.1 Fylkeskommunale prioriteringer basert på behovsvurderinger

Fylkeskommunene utarbeider oversikter over anleggsbehov i sin region. Disse oversiktene oppdateres jevnlig og legges til grunn for prioritering av spillemidler til anlegg.

Behovsoversiktene bør baseres på følgende kriterier:

- Områder/kommuner med levekårsutfordringer
- Områder eller anleggstyper med underdekning
- Anlegg med fokus på sambruk/flerbruk/samarbeid

På bakgrunn av regionale særegenheter og behov vurderer den enkelte fylkeskommune i tillegg eventuelle andre kriterier som kan være aktuelle.

Innspel

Gode behovsvurderingar bør ligge til grunn for fordeling av spelemidlane til anlegg. Møre og Romsdal fylkeskommune manglar kunnskapsgrunnlag for å gjennomføre gode behovsvurderingar. For å få på plass kunnskapsgrunnlag og halde desse oppdaterte trengs meir ressursar enn det fylkeskommunen rår over i dag. Dette kan vere ekstra personressursar, bestille kunnskapsgrunnlag frå eksterne aktørar, kjøp av etablerte kunnskapsgrunnlag (som Norsk idrettsindeks). Dette er ressursar KUD bør hjelpe til med å tilføre fylkeskommunane. Ei moglegheit kan vere å auke potten til anleggsfagleg utvikling som blir overført til fylka kvart år saman med tilskotet til anlegg.

Tilråding

Fylkeskommunedirektøren tilrår at forslag 1 blir vedtatt, men ber om at KUD auker tilskotet til anleggsfagleg utvikling til fylkeskommunane for at dette skal bli mogleg å gjennomføre på ein god måte.

Forslag 2

Pkt. 4.2.2 Kommunale behovskartlegginger basert på bred og inkluderende medvirkning

Som ledd i å styrke kommunenes arbeid med anleggsbehov og -prioritering stilles det som vilkår at et anlegg må være «omtalt og prioritert» i en kommunal plan som omfatter idrett og fysisk aktivitet for å kunne søke om spillemidler til anlegg.

Omtale i kommunal plan er gjeldande praksis for ordinære anlegg.

Tilråding

Ingen merknadar. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget.

Forslag 3

Pkt. 4.3.3 Fordelingskriterier: To alternative modeller

Fordeling av rammen til ordinære anlegg mellom fylkene foretas på én av følgende måter:

- Beholde dagens kriterier, men der hvert kriterium vektes med 1/3
- Beholde dagens fordelingskriterier og vektingen mellom disse

Innspel

I dag er det slik at KUD fordeler midlane mellom fylka etter ein modell med tre kriterium: Godkjent søknadsbeløp for søknadene i fylket tel 50 prosent, anleggsdekninga tel 25 prosent, og innbyggartal tel 25 prosent. Det eine alternativet i forslaget legg opp til ei lik vekting av desse kriteria. Det vil seie at godkjent søknadsbeløp i fylket får mindre betydning medan anleggsdekning og innbyggartal får større betydning. Forslaget er meint å mellom anna betre anleggsdekning i fylka med dårleg dekning, og ta vekk fordelingen det er i dag med å ha mange søknader/ høgt søknadsbeløp.

Det som er ei svakheit ved vektinga i dag er anleggsdekninga. Den bygger på ei utrekning der registrerte anlegg innafor visse anleggstypar i anleggsregisteret ligg til grunn. Det er mange feil og potensielle feilkjelder i denne registreringa, og er derfor ikkje ei god nok kjelde til å gjengi rett anleggsdekning. Det ville derfor vore betre å anten stryke anleggsdekning eller gjennomgå modellen for utrekning av anleggsdekning før det blir vurdert å endre vektinga av dei tre kriteria i modellen. Dette fordi det er anleggsdekning som er det einaste kriteriet det er usikkerheit om i modellen.

Modellen for fordeling tek ikkje omsyn til geografi og topografi. I ein del fylker er det fjell og fjordar som byr på utfordringar med å reise til og frå anlegg, noko som krev ei viss tettheit mellom anlegga. Dette er det ikkje tatt omsyn til i modellen.

Ei innføring av lik vekting av dei tre kriteria vil føre til at Møre og Romsdal får mindre midlar enn i dag. I KUD sitt rekneeksempel (sjå vedlegg 3) ville Møre og Romsdal fått over 5 mill. kroner mindre i årets fordeling.

Tilråding

Fylkeskommunedirektøren tilrår å halde på dagens modell for fordeling mellom fylka. Alternativt bør anleggsdekning strykast frå modellen. Det bør vere ein ny gjennomgang av utrekning av anleggsdekning, og det bør sjåast nærmare på kor rett gjengiving anleggsregisteret gir av anleggssituasjonen i dag.

Forslag 4 og 5

Pkt. 4.4.1 Tilskuddsordning for ordinære anlegg

Det fremmes to alternative modeller for en justert tilskuddsordning for ordinære anlegg til idrett og fysisk aktivitet:

- Eksisterende tilskuddsordning videreføres, med de endringer som ellers foreslås i høringsnotatet
- En to-delt ordning:
 - Eksisterende tilskuddsordning videreføres som i pkt. a. over. Hoveddelen av midlene følger denne fordelingen
 - En andel av midlene settes av til regionale prioriteringer

Dersom den todelte ordninga blir vald blir det foreslått at:

- fylkeskommunene kan benytte inntil 10 % av rammen, fordelt ihht. pkt. 4.3, til regionale prioriteringer
- pressområdemidler og særskilt tilskudd til større interkommunale anlegg avvikles som egne tilskuddssatser og inngår i fylkeskommunenes regionale handlingsrom. Ordningen med økt tilskudd til anlegg i Finnmark, Troms, Nordland og Namdalen videreføres.

Innspel

Det vil vere ein fordel at fylkeskommunane sjølv kan prioritere og satse på enkelte anlegg det er behov for enn ein kan i dag. For at forslaget om todelt ordning der ein del av potten går til regionale prioriteringar så bør meir enn 10 prosent vere tilgjengeleg til dette for at det skal ha verknad. Fylkeskommunane bør sjølv kunne bestemme kor stor andel av potten som skal gå til prioriterte anlegg, så lenge dette er forankra i regionalt planverk (dokument med regionale prioriteringar). At pressområdemidlane blir avvikla stiller Møre og Romsdal fylkeskommune seg bak. Når det gjeld særskild tilskot til interkommunale anlegg så bør fylkeskommunane få moglegheit til å prioritere slik innafor prosentdelen dei bestemmer seg for å setje av til prioriterte anlegg.

Eit større handlingsrom til fylkeskommunane kan også gi betre moglegheit for å forankre berekraft i anleggsutviklinga. Og slik kan det bli eit sterkare insentiv til søkarar om å satse på berekraftige løysingar i sine anleggsprosjekt.

Tilråding

Fylkeskommunedirektøren tilrår at ei todelt ordning blir innført, og der fylkeskommunane får moglegheit til å disponere meir enn 10 prosent til prioriterte anlegg. Alternativt at forslag b) blir vedtatt.

Forslag 6

Pkt. 4.4.2. Søknadsberettigede anleggstyper, tilskuddssatser og -andeler

Hvilke anleggstyper det kan søkes om tilskudd til, tilskuddssatser og -andeler vil bli fastsatt i årlige rundskriv e.l. fra KUD.

Tilråding

Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget, og ber samtidig om å framleis få uttale seg til den årlege revisjonen av føresegnene/retningslinjene for ordninga.

Forslag 7-13

Pkt. 4.4.3 Forenklet anleggsordning

Forslag 7: Ordningen erstatter eksisterende nærmiljøanleggsordning

Forslag 8: Det settes av 10 % av de samlede spillemidlene til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (post 1.1. på hovedfordelingen av spillemidler til idrettsformål) til denne ordningen

Forslag 9: Fylkeskommunen skal framleis få godkjenne anleggstyper for tilskot.

Forslag 10: Maksimalt tilskudd per anlegg settes til 400 000 kroner. Maksimalt statlig tilskuddsandel per anlegg settes til 50 %.

Forslag 11: Tilleggstilskudd til utvalgte områder med særskilte levekårsutfordringer¹⁸ videreføres

Forslag 12: Det legges opp til løpende søknadsbehandling og utbetaling av tilskudd

Forslag 13: Midlene fordeles mellom fylkene iht. antall barn og unge (6-19 år) i fylket.

Innspel

Møre og Romsdal fylkeskommune ser positivt på å forenkle spelemiddelordninga for nærmiljøanlegg, men det behov ikkje å bety at det skal bli ei anna/eiga ordning, atskilt frå midlane og prosessen med ordinære anlegg. Ei forenkling kan vere å fjerne kravet om tinglysing av rett til bruk av grunnen for nærmiljøanlegg. Dette kan vere både i overkant kostnadskrevjande og tidkrevjande ved bygging av små anlegg. Ei anna forenkling kan vere å innføre to søknadsfristar, i staden for forslaget om løpande søknadsfrist. Med løpande søknadsfrist fram til potten er tom kan det føre til at eit fåtal søkarar eller kommunar tar det meste av potten. Slik forslaget er formulert ser det ut til at søknadene skal gå rett til fylkeskommunane, utan involvering frå kommunane. Dette er uheldig - alle søknader bør gå via kommunane som er ein aktiv part i og forvaltar av tilskotsordninga.

Det er elles ein fordel om fylkeskommunane sjølv får avgjere kor mye som skal gå til nærmiljøanlegg, og at dette blir sett i samanheng med potten til ordinære anlegg. Møre og Romsdal prioriterer nærmiljøanlegg og kan ønske å gi meir enn 10 prosent av potten (slik KUD foreslår), men dette avheng mellom anna av kor mykje det blir søkt om. Og blir det søkt om mindre enn 10 prosent så er det ikkje bra om eventuelt ubrukte midlar ikkje kan bli fordelt før neste år.

Tilråding

Forslag 7 og 8: Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at desse forslaga ikkje blir vedtatt.

Forslag 9: Ingen merknad, Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget.

Forslag 10: Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget.

Forslag 11: Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget.

Forslag 12: Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår å forenkle nærmiljøanleggsordninga ved å fjerne kravet til tinglysing av rett til bruk av grunn, og ved å innføre to søknadsfristar i staden for ein.

Forslag 13: Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår å vidareføre gjeldande fordelingskriterium (basert på søknadssum).

Forslag 14-24

Pkt. 4.5 Søknadsberettigede aktører

Forslag 14: Søknadsberettigede aktører, unntatt kommuner mv., skal ha idrett, fysisk aktivitet eller friluftsliv som hovedformål.

Forslag 15: Det Frivillige Skyttervesen (DFS) og studentsamskipnader har ikke idrett, fysisk aktivitet eller friluftsliv som hovedformål, men foreslås likevel videreført som søknadsberettigede aktører.

Forslag 16: Det fremmes to alternativ når det gjelder hvem som kan søke på hvilke typer anlegg:

- Opprettholde dagens skille mellom de som kan søke om tilskudd til alle typer anlegg og de som kun kan søke til enkelte typer anlegg.
- Alle søknadsberettigede aktører kan søke om tilskudd til alle typer anlegg

Forslag 17: Søknadsberettigede aktører skal enten være en hovedorganisasjon, eller en medlemsforening eller underliggende organisasjonsledd av en hovedorganisasjon.

Forslag 18: Det fremmes to alternativ når det gjelder aksjeselskap, samvirkeforetak og stiftelser som søkere:

- Samtlige eiere, aksjonærer, andelseiere og stiftere av et søknadsberettiget aksjeselskap, samvirkeforetak eller stiftelse skal selv være søknadsberettigede. Ikke søknadsberettigede løypelag og turlag kan inngå som aksjonærer/andelseiere så lenge deres eierandel er mindre enn 50 % av selskapet.
- Dagens regelverk om at mer enn 50% av aksjene/andelene i et søknadsberettiget selskap skal eies av aktører som selv kan søke om tilskudd videreføres

Forslag 19: «Andre sammenslutninger» foreslås fjernet som søknadsberettiget

Forslag 20: Det opprettes nye kriterier for godkjenning av «andre søkere». Disse må

- være registrert i frivillighetsregisteret
- være landsdekkende
- ha idrett, fysisk aktivitet eller friluftsliv som hovedformål
- ha en vesentlig del av virksomheten rettet mot aktivitet for barn og ungdom (6-19 år) eller personer med nedsatt funksjonsevne

- Ved vurdering av godkjenning vil det bli vurdert om andre søknadsberettigede aktører allerede bygger den type anlegg som søkerorganisasjonen primært vil bygge.

Forslag 21: Moglegheita departementet har til å gi dispensasjon slik det går fram av føresegnene i dag (pkt. 2.3) blir avvikla

Forslag 22: Dagens adgang for borettslag, bygdelag og velforeninger til å søke om tilskudd til nærmiljøanlegg videreføres ikke i forenklet anleggsordning.

Forslag 23: Det innføres en overgangsperiode slik at søkere, som foreslås tatt ut av tilskuddsordningen, vil få behandlet sin søknad så lenge den er fremmet før den reviderte tilskuddsordningen trer i kraft.

Forslag 24: Det bes om høringsinstansenes innspill på følgende forslag når det gjelder fylkeskommunenes rolle som søknadsberettiget aktør og forvalter av tilskuddsordningen:

a) Dagens praksis videreføres.

b) Innenfor tilskuddsrammen til den enkelte fylkeskommune, kan fylkeskommunen benytte en viss andel (f.eks. inntil 4 % i den ordinære ordningen) til egne anleggsprosjekter. Midler som ikke benyttes til anlegg i fylkeskommunal regi, inngår i den øvrige søknadsbehandlingen. For øvrig gjelder tilskuddsordningens forutsetninger og regelverk som for andre søkere.

Innspel

Jf. forslag 16 vil det vere enklare å forstå ordninga viss alle søknadsberettiga aktørar innafor ordinære anlegg kan søke om tilskot til alle anleggstypar. Det vil for eksempel gi friluftslivsorganisasjonar moglegheit til å søke om tilskot til idrettshus knytt til aktiviteten sin, noko som ikkje er mogleg i dag. Det kan verke uforståeleg for at idrettslag kan søke tilskot til den type anlegg, men ikkje friluftslivsorganisasjonar. Når det gjeld forslag 18 om aksjeselskap, samverkeforetak og stiftingar så meiner fylkeskommunedirektøren at dagens modell bør halde fram (jf. punkt b)). Så lenge søknadsberettiga aktørar har majoriteten i eigarskapet så bør det vere godt nok. Om alle deleigarar i aksjeselskapet *må* vere søknadsberettiga er vi redd det kan setje ein stoppar for gode anleggsprosjekt, og at vi dermed taper meir enn vi vinn på ei slik regelendring. Når det gjeld forslag 20 om godkjenning av andre søkarar enn dei førehandsgodkjente så meiner fylkeskommunedirektøren at det bør opnast for fleire enn berre landsdekkande organisasjonar. Om det kjem ein søkar med idrettsleg hvoudformål med gode anleggsplanar så bør det vege tyngre enn at organisasjonen må vere landsdekkande. Om forslag 22 meiner fylkeskommunedirektøren at retten burettslag, bygdelag og velforeiningar har til å søke om tilskot i dag bør halde fram. Det er usikkert om anlegga desse bygger i nærmiljøet ville ha vorte bygd av andre. Ei utfordring er likevel å skilje mellom foreiningar som ser på seg sjølv og opptrer som velforeiningar, men som heiter noko anna. Vi ser det likevel slik at gevinsten ved å la desse søke er såpass stor at den utfordringa må løysast på andre måter.

Tilråding

Forslag 14: Ingen merknadar. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget.

Forslag 15: Ingen merknadar. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget.

Forslag 16: Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget i punkt a), at alle søknadsberettiga aktørar kan søkje om tilskot til alle typar anlegg.

Forslag 17: Ingen merknader, Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget.

Forslag 18: Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår å halde på dagens modell, jf. punkt b).

Forslag 19: Ingen merknadar. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget.

Forslag 20: Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget med unntak av punkt b) om at "andre søkarar" må vere landsdekkande.

Forslag 21: Ingen merknadar. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget.

Forslag 22: Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at burettslag, bygdelag og velforeiningar kan søke tilskot frå ordninga også i fortsetjinga.

Forslag 23: Om forslag 22 blir vedtatt tilrår Møre og Romsdal fylkeskommune at forslag 23 blir vedtatt slik at det blir ei overgangsordning.

Forslag 24: Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget i punkt a) om at fylkeskommunane får ta del i ordninga som søkar slik dei gjer i dag.

Forslag 25 og 26

Pkt. 4.6 Rammestyrt ordning

Forslag 25: Følgende forslag fremmes:

- Søkere kan søke om spillemidler til anlegg under forutsetning at de ikke kan være sikre på å motta tilskudd. Søkere som velger å starte å bygge anlegg uten først å ha fått behandlet søknad om spillemidler, gjør dette for egen risiko og regning. For å unngå usikkerheten knyttet til det at søkere i praksis kan søke i en årrekke uten å få midler, foreslås det å sette en begrensning på hvor mange ganger en søknad kan fremmes. Det foreslås at søknad til det samme anlegget kan fremmes inntil tre ganger.

Forslag 26: Det innføres en overgangsperiode der søknader som er fremmet før den endrede anleggsordningen har tredd i kraft behandles iht. gjeldende regelverk og praksis, parallelt med at søknader fremmet etter at endret ordning har tredd i kraft behandles iht. nytt regelverk.

Den enkelte fylkeskommune avgjør selv hvordan deres andel av spillemidlene til anlegg fordeles mellom nye og gamle søknader for å få til en hurtig og hensiktsmessig behandling av de gamle søknadene.

Innspel

Ei av styrkene til tilskotsordninga er at den er føreseieleg. Dette var noko mange av aktørane i ordninga peika på i innspelsrunden, og som det har kome innspel på i seinare rundar med aktørane. Å stryke søknader etter 3 år vil kunne føre til stor usikkerheit rundt finansiering. I tillegg til sjølve spelemidlane vil både banklån og forskottering av spelemidlane bli usikkert. Fylkeskommunedirektøren meiner det er eit betre alternativ at fylkeskommunen får moglegheit til å avslå søknader ut ifrå manglande behov, enn at søknader skal kunne fremjast mange år utan å bli prioritert.

Tilråding

Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at forslag 25 om å stryke søknader etter 3 år, ikkje blir

vedtatt. Om forslaget skulle bli vedtatt så tilrår Møre og Romsdal fylkeskommune at forslag 26 om ein overgangsperiode blir vedtatt.

Økonomiske konsekvensar

Saken handlar om statlege spelemidlar, og om KUD sitt forslag om å endre vektinga av fordelinga av spelemidlane mellom fylka blir vedtatt så vil det føre til mindre overføringar til Møre og Romsdal fylkeskommune. Forslaget kan også ha direkte innverknad på fylkeskommunen sin økonomi ettersom det sannsynlegvis vil føre til meir arbeid (mellom anna med behovsvurdering og plan). Dette vil kunne krevje større personaressursar på feltet.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Vedlegg

Høringsbrev - Forslag til endringer i spillemiddelordningen for anlegg til idrett og fysisk aktivitet

Høringsdokument om endringer i spillemiddelordningen for anlegg til idrett og fysisk aktivitet

Vedlegg til høyring med rekneeksempel